

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Nr. 1
April 2010

I dette nummeret kan du lesa om fylgjande:

- s. 2 – Nytt frå Venelaget!
- s. 3 – Hauge-seminar i Ulvik, 16. september 2010
- s. 5 – Ung poesi i Hordaland 2010
- s. 6 – Om "Uppskoke", svar til Johs Bleie.
Av Bodil Cappelen
- s. 9 – "Olav H. Hauge på Hauge". Av Berit Vatne Vik
- s. 13 – "To merkelege opplevingar". Anonym
- s. 15 – 'Eit og anna janglestrået freistar liv i gruset' –
Janglestrå, Olav H. Huges siste diktbok?
Av Stefan Andreas Sture
- s. 39 – Referat frå styremøte, 19. oktober 2009
- s. 40 – Referat frå styremøte, 22. februar 2010
- s. 43 – Vedtekter for Venelaget Olav H. Hauge
- s. 44 – Styret og adresser



NYTT FRÅ VENELAGET!

Det er snart tid for poesifestival att, og temaet i år vert “kvardag”.

Programmet vert lansert 1. juni, og i mellomtida kan ein halde seg orientert om planane for festivalen på den nye og flotte nettstaden arrangørane no har lansert: www.poesifestival.no. Me minner samstundes om den nye nettstaden til det aktive Haugesenteret: www.haugesenteret.no og nettstaden som Norsk Plan har utarbeidd: www.forfattar.net/olavhauge.

I tillegg til vår eigen nettstad, www.venelagethauge.no, har alle interesserte no fleire kjelder til å halde seg orientert om kva som finn stad innan formidlinga av Olav H. Hauge og diktinga hans. Nytt av året i Ulvik er og hendinga “Harding Folk” som finn stad 1.-3. mai (www.hardingfolk.no). Her vert kunstnarane Lars Osa og Sigbjørn Bernhoft Osa markert i form av konsertar og ymse arrangement. Det er snart ikkje anna råd enn å flytta til Ulvik om ein skal få med seg alt som føregår der dette året!

Haugesenteret kunne nyleg melda at Olav H. Hauge-stiftinga og Nynorsk kultursentrum i Ørsta drøftar samanslåing, og at det er vedteke ein omfattande intensjonsavtale: “Målet er å semjast om ein konsolideringsavtale i juni. I så fall blir det planlagde Haugesenteret ein del av Nynorsk kultursentrum frå 1.1.2011”, heiter det i pressemeldinga. Nynorsk kultursentrum eig og driv Ivar Aasen-tunet og Dei nynorske festspela i Ørsta. Målet no er å etablere Haugesenteret som eit internasjonalt senter for poesi.

Som i 2008 arrangerer Venelaget eit fagleg seminar som innleiing til sjølv Poesifestivalen. Denne gongen samarbeider me med Høgskolen i Bergen, og programskisse er utarbeidd av m.a. professor i kunsthøgskole, Aslaug Nyrnes. Me vonar at fleire av medlemene våre kan ta del i dette, og ber om at alle interesserte melder seg på!

HAUGE-SEMINAR I ULVIK, 16. SEPTEMBER 2010

Som i 2008 vert årets poesifestival innleidd med eit fagleg seminar. Tema for seminaret denne gongen er ulike typar performativt arbeid knytt til Hauge sin poesi, og opplegget er tenkt som ein blanding av plenumsøker og arbeid / diskusjonar i grupper.

Hauge i performativt perspektiv

Tid: Torsdag 16. september 2010, kl. 12.00-18.00.

Stad: Ulvik kurs- og konferansesenter / Haugesenteret i Ulvik.

Arrangør: Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon, Høgskolen i Bergen og Venelaget Olav H. Hauge.

Utdrag frå programskissa:

”I poesi ligg rytme, melodi og musikalitet. I poesi ligg fargar, metaforar og bilete. Poesi er oppleving og refleksjon. På ein særeigen måte har Olav H. Hauge sin poesi alle desse sidene. (...)

Dette seminaret vil få fram den *fleirfaglege* Hauge. Kjernen vil vere utvalde tekstar frå Hauge sin produksjon. Tekstane skal ikkje primært lesast analytisk akademisk, i staden skal tekstane tolkast gjennom ulike typar *performativt* arbeid, og studiar av slikt arbeid - opplesing, musikk, biletskaping, bildebokproduksjon.

Aktuelle spørsmål vil vere: Kva for plass og rolle kan *opplesing* ha i arbeid med litteraturforståing og -formidling i skulen? Kvifor og korleis er opplesing ein 'tolkande aktivitet' - og korleis kan dette brukast i undervisninga? Korleis kan t.d. ulike lesemåtar demonstrere klanglege og rytmiske forhold i eit dikt? Kva skjer med tekstane når dei blir famførte; kva er den estetiske verknaden av å la Hauge sine dikt 'lyde' i rommet, frå

person til person? Og kva skjer når ein lar framføringa vere *multimedial* (samarbeid mellom opplesing, musikk og bilete)? (...)

Det er seminaret sin grunnidé at ein gjennom desse ulike performative tilnærmingane får fram tekstane sitt didaktiske potensiale. Korleis kan møtet mellom ulike kunststartar skape nye tilnærmingar til Hauge-tekstane?”

Praktisk opplegg:

Seminaret er tenkt tredelt:

- eit kort performativt innslag (ev. vising av utdrag frå DVD - *Kom ikkje med heile sanningi*, HiB 2008).
- arbeid i verkstad - deltakarane vert fordelt på arbeidsgrupper med musikk, opplesing, biletskaping og barnelitteratur som tema.
- plenumsøkt med refleksjonar og teoretiske perspektiv på det performative / didaktiske.

Påmelding:

Send namn og adresse til: post@venelagethauge.no

Påmeldingsfrist: 1. juli 2010

Seminaravgift: 500 kr

Betal innan 1. juli til: 3450.30.01960, ved “Kasserar A.K. Oppheim”

Påmelding vert stadfesta på e-post. Seminaret vil ha omlag 30 plassar, så det gjeld å vere tidleg ute med påmelding.

Ved spørsmål om opplegget, ta kontakt med:

Øystein Hide, Venelaget Olav H. Hauge (oystein.hide@fof.uib.no)

Aslaug Nytnes, Høgskolen i Bergen (aslaug.nytnes@hib.no)

UNG POESI I HORDALAND 2010

Ung Poesi i Hordaland - Utlysing

Venelaget Olav H. Hauge og Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Ulvik Poesifestival, skipar til ei litterær tevling i poesi kalla "Ung Poesi i Hordaland". Prisen er på kr 10 000 og kan delast opp. Prisen kan berre gå til uprenta tekster.

Alle ungdomar som bur i Hordaland og som er i alderen mellom 18 og 25 år kan delta. Forfattarar som har debutert kan ikkje delta.

Vilkår for å delta: 5 uprenta poesitekstar og dessutan namn, yrke, alder og adresse. Tekstane vert vurderte av ein uavhengig faglitterær jury, som er oppnemnt av tilskiparane. Namn vil ikkje bli lagt fram for juryen.

Prisvinnarane vil bli varsla på førehand. Prisutdeling vert fredag 17. september under Ulvik Poesifestival.

Lysing og informasjon om tevlinga finn de også på: www.poesifestival.no, www.venelagethauge.no og www.hordaland.no

Frist for tevlinga er fredag 25. juni 2010.

Forslag skal sendast til: post@venelagethauge.no

Ved spørsmål om tevlinga, ta kontakt med:

Øystein Hide, Venelaget Olav H. Hauge (oystein.hide@fof.uib.no)

OM “UPPSKOKE”, SVAR TIL JOHS BLEIE.

AV BODIL CAPPELEN

I førre nr. av medlemsheftet har Johs Bleie nokre spørsmål til diktet «Uppskoke».

I juli 2008 skulle eg lesa eit par dikt av Olav på ei kro her i Son. Det var svært varmt, folk sat i hagen til Cafe Neptun og drakk øl, og eg hadde funne ut at eg ville lesa Uppskoke. Eg hadde med meg ein musikar frå Skien, Ragnar Sør Olsen.

Då eg førebudde meg ville eg og sjå på diktet på nytt i originalutgåva i «Glør i oska».

Eg minnest då Olav skipa til «Dikt i Samling» i 1984. Eg vart no spurd kva eg tykte, etter at han hadde endra i dikta sine her og der. Den fyrste strofa Johs Bleie nemner sa han ikkje noko om, men han har venteleg tykt ho var litt haltande i rytmen:

«Det frettet i grendi/ som alt plar gjera/ kva tid uppskoke-/ kvelden sku vera.» stod det fyrst. Dette har han retta til:

«So onna dei på/ med kjempenupp,/ til kvelden kom/ det skal skakast upp.»

Ein må jo seie at dette er enklare og betre.

Den andre strofa tok han vekk for han tykte ikkje ho var god. Det hugsar eg han sa.

Men så kan ein spørja med Johs Bleie, kvifor er ikkje dei siste to strofene i diktet der lenger? Det er jo så fin og roleg stemning i dei

strofene, nokre av karane har sovna, nokre stavrar seg ut, månen dreg over Kvasshovd i ruta, – ein ny dag gryr.

Dei to siste strofene står for seg sjølve, på hi sida. Eg trur Olav ved eit mistak har gløymt å ta dei med.

For det kan vere ei slags avslutting dette og:

«-Skål! sa han Torstein,

og flidde til sonen.

-Skål! sa han Kolbein,

og nikka til månen.

-Skål, gode grannar!

kom det frå bordet,

og hine rundt gilen

tok dei på ordet.

---»

(Olav ville no aldri ha avslutta eit dikt med tre tankestrek ---)

Då eg hadde oppdaga at dei siste to strofene hadde dotte ut, ringde eg til Samlaget.

Pocketutgåva av Dikt i Samling var nett sendt til trykkeriet. Dei to siste strofene må med, sa eg. Dei kom med. Det var for seint å brekka om, så dei vart pressa inn på siste side av diktet.

I 2010 kjem eit nytt opplag av Dikt i Samling, i ny bokbunad, og då kjem dei to siste strofene med.

Medan me ventar kan de gjera som eg, skriv dei inn i boka dykkar!

Her er dei:

Leid fram på morgonen
stavra dei ut,
han Nils og han Lars,
han Hans og han Knut.
Dei reita og remja
og huja og suta
til månen som drog
yver Kvasshovd i ruta.

Inne med gilen
låg Torstein og sov,
men på hi sida drengen,
Gud skje lov.
- Gilen var tom,
og ausa var klovi,
då soli keik inn
gjenom sprekka i novi.

”OLAV H. HAUGE PÅ HAUGE”. AV BERIT VATNE VIK

Denne teksten stod opphaveleg på trykk i boka Osterøy i soge og samtid - Sogeskrift for Osterøy frå 2008. Teksten er gjeve att med løyve frå forfattar og utgjevar (Osterøy Sogelag og Osterøy museum).

Berit Vatne Vik, f. 1933, frå Seim i Lindås, busett i mange år i Lonevåg og seinare på Vik. Stod bak Osterøy Galleri i Lonevåg i mange år. I seinare år har ho gjeve ut fleire barnebøker.

”Er mannen vorten kjend og stor nok, er alt han sa og gjorde forvitneleg, kor smått det er”, står det i ei av dagbøkene hans.

I 1968 var eg på to litteraturkurs der Olav H. Hauge var tilstades. Gartnaren frå Ulvik, som i år vert feira med 100-årsjubileum. Den som har høyrte Hauge lesa eigne dikt, kunne lett verta bergteken, og det vart eg.

*Det er den draumen me ber på
at noko vidunderleg skal skje,
at det må skje -
at tidi skal opna seg,
at hjarta skal opna seg,
at dører skal opna seg,
at kjeldor skal springa -
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.*

Olav H. Hauge hadde ein veldig sterk aura. Det merktest når han var i rommet. Kanskje det var tankane hans som var så sterke? - ”Tanken. Tanken er det finaste som finst”, sa han.

I 1986 var me forlengst flytta til Lonevåg. ”Galleri Osterøy” var skipa i 1984. Langt inni meg hadde eg ein draum om å få Olav H. Hauge til Osterøy. Han hadde gifta seg med Bodil Cappelen, ein kjend og dyktig biletvevar.

- Tenk om Bodil Cappelen ville stilla ut teppe i ”Galleri Osterøy”?
- Tenk om ho ville koma til opninga?
- Tenk om ho hadde Olav H. Hauge med seg?
- Tenk om han ville lesa dikt?

Brev vart sendt. Brev kom tilbake. Bodil Cappelen ville gjerne stilla ut i ”Galleri Osterøy”, men ho hadde ikkje fleire teppe. Me kunne spørja om å få låna ”Foss i svart berg” hjå Bergen Billedgalleri. Derimot kunne me få stilla ut original-akvarellane til ABC-boka som skulle koma på Samlaget til hausten (1986). Og ho ville gjerne koma på opninga. ”Det kan jo hende at Olav H. Hauge (som jeg er gift med) også blir med.”

Galleriet allierte seg med Folkeakademiet for å finansiera opplegget, og med Osterøy Mållag for at flest mogleg skulle få del i dette. Oddmund Vevle var formann, og me planla bok- og bladkveld på Hauge med Olav H. Hauge. Det ville låta bra!

Bodil Cappelen godkjende opplegget, med forbehold: Me kunne *ikkje* reklamera med Olav H. Hauge. I månadsvis gjekk me og funderte på *kva* me kunne ha i bakhand om han ikkje kom, eller ikkje ville lesa!

Så kom endeleg dagen, fredag 14. november.

Dei skulle overnatta hjå oss. Eg var i galleriet og venta på dei. Grudde meg fælt, både til *han* skulle koma, og endå verre: At han ikkje kom.

Den vesle bilen til Bodil Cappelen stansa framfor galleridøra. Olav H. Hauge steig ut. Letten var stor, men eg såg med ein gong at han var litt sur. Eller kanskje han berre var trøytt? Det var ein lang biltur frå Ulvik til Osterøy. Det stakk litt i samvitet mitt. Kva hadde eg no stelt i stand?

”Foss i svart berg” var kome på galleriveggen. Dei tykte det var kjekt å sjå teppet att. Det var Hauge som hadde gjeve det namn. Ho likte utstillingslokalet. Bileta skulle me hengja opp i ”Framhall” om kvelden, og flytta dei hit att neste dag.

Så skulle me heim til oss i Nesjavegen. Bodil Cappelen kørde om Neset, og eit stykke oppe i brekka stansa ho bilen. Der låg løa til Ivar i Neset på høgre sida av vegen. Eg har aldri opplevt eit humør som har snudd så fort. Olav H. Hauge vart så begeistra for løa til Ivar’n at han kom i storslag. Det var berre litt brakakledning som skulle til. Seinare vart alt berre velstand.

Etter middagsluren ville dei sjå seg om. Det regna, og det var nett då dei grov ut tunellen til Bysheim, så Lonevågen var ei einaste grebba. Men dei var levanda opptekne av alt dei såg, og det var inga tilgjersle då dei sa at det var så fint her!

Om kvelden var det bok- og bladkveld på Hauge. Gjestane frå Ulvik var i storform. Ovundra den fine salen i ”Framhall”. Ånda.

Akvarellane vart hengde på veggen. Bodil hadde fått fram humor og poesi i bileta. Me såg kor vakker ein stor H kunne vera mot ein blå himmel. Tekstane som Hauge hadde dikta, var ofte underfundige, sagt med ein liten rev bak øyra.

Dei nynorske bøkene for 1986 låg på borda. Mellom dei Hauge sine samla dikt. Dei ferske ABC-bøkene frå Samlaget dominerte.

Folk fylte salen Jon Jelmert spelte fele. Han og Bodil kjende kvarandre frå før. Bodil Cappelen syntte lysbilete av akvarellane. Og underet hende: Olav H. Hauge las tekstane til.

Alle var storleg nógde, og formannen i mållaget og eg pusta uendeleg letta ut!

Før dei reiste heim att neste dag, tok Nils Nonås oss med til Svenheim, til det gamle ledet der. Han fortalte om dei som gjekk for presten i Hosanger og skar eit hakk i grinda for kvar gong. Ei soge som greip Hauge. Det var skodde og regn, men han merka seg mange halvgøynde kulturminne.

I dagboka skreiv han om turen til Osterøy. Etterordet lyder slik: ”’A beautiful vista’. Sermerkt utsyn. Frå øvste skardet i Kossdalen var eit langt utsyn mot vest, mot Hosanger. Det var regn då me stod der. ’A beautiful vista’ ville ein engelskmann sagt.”

Etterpå tok Nils Nonås oss med til Osterøy museum. Det var gildt å syna fram kulturskattane våre til så oppglødde gjester. Dei ville koma tilbake på ”Liv i gamle stover” sommaren etter, og gledde seg til å sjå Bullahuset og Havrátunet. ”Den er så fin, den Osterøya,” skreiv Bodil Cappelen seinare. Men så kolliderte det med ei tilstelling på Hardanger Folkemuseum, og sidan så vart det ikkje.

Takk til Bodil Cappelen som fekk Olav H. Hauge til Osterøy. Og takk til den gamle løa i Nesjavegen!

”TO MERKELEGE OPPLEVINGAR”. ANONYM

Denne teksten fekk me tilsendt like før jol, og forfattaren vil vere anonym. Me vonar dette innlegget vil inspirera fleire til å sende oss tekstar om Olav H. Hauge og diktinga hans!

Eg kjende ikkje Olav H. Hauge godt, men møtte han nokre gonger. Hadde høyrte han lesa dikt. Første gong på eit helgekurs om moderne lyrikk i 1968. Andre gongen i august same året, på eit litteraturkurs på Fana Folkehøgskule. Det var rundt 60-årsdagen hans. På det kurset var han omgjeven av mange ”prominente” personar, så vesle meg fekk seg ikkje til å ta kontakt.

Etter endt kursveke stod me ein flokk nedanfor folkehøgskulen og venta på bussen til Bergen. Olav H. Hauge stod litt for seg sjølv. Han minna meg om ein veddeløpshest som stod og dirra. Det var ei sterk utstråling frå han. Eg kjende på at no burde eg gå bort til han, men motet svikta.

Då me gjekk av bussen i Bergen, flokka fleire seg om han. Eg stod eit stykke frå, litt lei fordi eg hadde vore feig.

Brått går han ut or flokken og kjem til møtes med meg.

- Sei meg, kjenner ikkje du og eg kvarandre?

- Jau, svarar eg litt skjemd.

- Kvifor kom du ikkje bort og helste på meg, då?

- Nei, no er du blitt så berømt og allting - - -

Då ser han på meg og bles: Pøh!

Fleire år etter at han var død, var me på ein busstur i Bergen. Me skulle avslutta på Aboretet på Minde.

Vêret var tungt og grått. Trafikken gjekk tregt. Eg sat ved vindauga og halvsov. Bussen framfor oss var stogga, og me bremsa.

Eg slær opp augo ... og ser Olav H. Hauge stå i vegkanten.

- Der står Olav H. Hauge og ventar på bussen, seier eg til mannen ved sida mi. Tenkte fort: Er me i nærleiken av Fana Folkehøgskule no? Der skimta eg taka på skulen. Me var omlag der me hadde stått og venta på bussen for lenge sidan. Det må ha vore auraen hans eg såg den augneblinken, for eg er verken synsk eller har overnaturlege evner!

Så kom dagbøkene hans. No var eg blitt forfattar og heldt på med den 3. boka mi. Ein kveld sat eg og las nokre gode råd han gav til oss som skreiv. Det var eit ord eg kjende var viktig for meg, men kva tydde ordet? Me leita i alle ordbøker, også i gamle Ivar Aasen med gotisk skrift. Men nei, ordet var ikkje å finna.

Det er natt. Har sove ei stund. Då høyrer eg brått røysta til Olav H. Hauge.

- Du! seier han. Det er tydeleg at han vil meg noko, men han hugsar ikkje namnet mitt. - Du! seier han ein gong til. Eg vaknar heilt.

- Eg gløymde ein r i det ordet, du!

Eg plasserte r'en på rett stad med ein gong, og no vart det eit ord som var råd å forstå. Dette må eg hugsa til i morgon, tenkte eg.

Ordet har eg framleis i bakhovudet når eg skriv!

‘EIT OG ANNA JANGLESTRÅET FREISTAR LIV I GRUSET’ - *JANGLESTRÅ*, OLAV H. HAUGES SISTE DIKTBOK? AV STEFAN ANDREAS STURE

1. Innledning

1.1 ”Strå som står att”

Vi skal i det følgende lese det som ofte regnes som Olav H. Hauges siste diktbok, *Janglestrå* (1980), for å gi en karakteristikk av denne samlingen og se den i sammenheng med Hauges *ouvré*. For å plassere den i relasjon til hele verket, skal vi først se på noen ytre særtrekk. Hva slags type samling er egentlig *Janglestrå*, hvordan skiller den seg fra og ligner de øvrige?

Den dukket for første gang opp som et tillegg til den utgaven av *Dikt i samling* som kom i 1980. Hvordan skal dens første publisering forstås og hva gjør det med dens stilling i forhold til de andre av Olav H. Hauges diktbøker, og ikke minst til de ulike utgavene av *Dikt i samling*? Vi skal også en rask tur innom Hauge-resepsjonen, for å se på hvordan han ble lest i egen samtid. Dette vil gi oss et innblikk i hvordan forfatterskapet har blitt vurdert, ikke bare i sine deler, men som helhet. Vi skal også se litt på hvordan Hauge selv vurderte sitt forfatterskap.

Deretter skal vi lese selve diktene i *Janglestrå*, og se hvordan de griper tilbake både tematisk og formmessig. Særlig vekt legger vi på diktene som innleder og avslutter *Janglestrå*. Til slutt vil vi prøve å svare på om den er Olav H. Hauges siste diktbok.

1.2 Diktbøker, diktsamlinger, dikt i samling og diktbolker

Det er vanlig i litteraturhistorier og oversiktsartikler å hevde at Olav H. Hauge ga ut sju diktbøker eller diktsamlinger. Men det kan med rette spørres om *Janglestrå* kan regnes som en egen diktbok.¹ Den aldri hatt et liv utenfor *Dikt i samling* eller fått prøve seg på egen hånd.

Betegnelse 'diktbok' og 'diktsamling' brukes om hverandre, ikke bare i litteraturen rundt Olav H. Hauge, men generelt når det snakkes og skrives om lyrikk. Nå kan man kanskje hevde at en *diktsamling* er noe annet enn en *diktbok*. *Dikt i samling* består av en samling av tidligere diktbøker, om vi ser bort fra *Janglestrå*. En samling er nettopp samlet sammen, mens man kan tenke seg at en diktbok er skrevet for å være en sluttet helhet.

I det følgende vil jeg bruke betegnelsen diktbok om Olav H. Hauges bøker før de kom i samling,² og diktbolker om avdelingene i *Dikt i samling* - så kan vi lettere skille de fra hverandre. Av det følger at *Janglestrå* kun har vært diktbolk. Derfor står den kanskje i et sterkere forhold til de andre diktbolkene enn den gjør til diktbøkene, og dermed også til *Dikt i samling* som en helhet.

1.3 *Dikt i samling* og forandring

Skal vi forstå *Janglestrå* i sammenheng med hele verket, må vi også vite noe om utviklingshistorien til nettopp dette verkets helhet. *Dikt i samling* har en egen historie, den er langt mer enn bare en samling av tidligere

¹ Som f.eks Ole Karlsen gjør i en fotnote i sin doktoravhandling: "[...] det kan diskuteres om den skal betraktes som egen samling eller som et tillegg til de øvrige." Men siden det faller utenfor avhandlingens område, velger han å omtale den som en egen samling. (Karlsen 2000:1)

² Som oftest vil det være førsteutgaver, men *På Ørnetuva* (1961, 1962) kom i to utgaver. Andre utgave har et etterord av Ragnvald Skrede. *Spør vinden* (1971, 1973) kom også i to opplag.

diktbøker og dikt. Mens Olav H. Hauge levde kom det ut ni utvalg og samleutgaver av diktene hans. Hauge var selv tildels sterkt involvert i redigeringen av disse samlingene, noe vi blant annet kan lese om i dagbøkene. Selv gjorde han sju ganger, av disse ni, endringer og tillegg. (Se Andersen 2002:220ff) Fra 1972 til 1994 økte *Dikt i samling* fra 362 dikt til 430 dikt (Andersen 2002:221). Det kommer altså til 68 dikt i løpet av disse 22 årene.³ Diktene som kommer til, blir plassert i de forskjellige diktbolkene og i *Janglestrå*. Utover dette, bør man også legge merke til at diktenes rekkefølge forandres innbyrdes. ”[D]ikta blir spreidde rundt i dei tidligare utjevne samlingane, som på denne måten både veks og delvis endrar karakter.” (Andersen 2002:221)

Konsekvensen av dette, er at både de enkelte diktbøkene og *Dikt i samling* gjennomgår betydelige forandringer. Det er viktig å ha klart for seg at diktboka *Glør i oska* (1946) ikke er identisk med diktbolken *Glør i oska* i de forskjellige utgavene av *Dikt i samling* (1972 og senere). Det samme gjelder de øvrige diktbøkene og respektive diktbolker. Dette er en av grunnene til at en distinksjon kan være svært nyttig. Å skille mellom det som finnes i *Dikt i samling* og originalutgavene har blitt gjort i svært liten grad.

Ett eksempel på at det ikke er gjort, er Nina Refseths artikkel om *Dropar i austavind* i boken *Norsk litterær kanon* (2008). Hun skriver at diktboka kom i 1966, men ingenting om hvilken versjon hun forholder seg til (Sæterbakken, Kampevold Larsen 2008:286f). Siden hun gjør et poeng av at åpningsdiktet er ”Sanningi”, må det være *Dikt i samling* fra 1985, eller senere, siden både originalbok og tidligere utgaver av *Dikt i samling* har ”Yver hengjemyri” som åpningsdikt. Hvilken utgave man bruker, kan altså ha konsekvens for lesningen.

³. Dette er litt grovt regnet, fordi jeg her ikke tar hensyn til at dikt også byttes ut. Det vil si at det kommer til dikt som ikke synes på sluttsammen, fordi andre har blitt tatt ut.

Det finnes dessverre ikke noe grundig oversiktarbeid når det gjelder hva som har kommet til og blitt trukket fra, eller hvordan rekkefølgen har blitt forandret. Jan Erik Vold har i *Under Hauges ord* (1996) en tallmessig oversikt over forandringene i diktbolkene både i diktutvalg og *Dikt i samling* (Vold 1996:393f). Hadle Oftedal Andersen har et appendiks i *Poetens andlet* (2002) om redigeringa av *Dikt i samling*, med en grundig gjennomgang av forandringene i diktboken/diktbolken *Seint rodnar skog i djuvet* (1956).

1.4 *Janglestrå*

“Av dei nye dikta er 39 plasserte under den avsluttande overskrifta ‘Janglestrå’, som kjem til i 1980”, skriver Hadle Oftedal Andersen noe unøyaktig (Andersen 2002:221). Det stemmer at 1994-utgaven, som er den siste Olav H. Hauge selv redigerer, har 39 dikt, men første gang *Janglestrå* dukker opp, inneholder den 29 dikt. Hele ni dikt blir lagt til *Janglestrå* i 1985-utgaven, med undertittelen *Ny og auka utgåve*.⁴ I 1994 legger Hauge til enda et dikt.

Posthumt blir det lagt til enda et dikt, og slik *Janglestrå* nå foreligger, inneholder denne diktbolken altså 40 dikt. Det kan se ut som om pocketutgaven av *Dikt i samling* fra 2008 har lagt alfabetdiktene i billedboken *ABC* (1986) til *Janglestrå*, siden de presenteres uten egen tittelside. Men dette skyldes en forglemmelse, og skal rettes opp til neste utgave av *Dikt i samling*.⁵ Antall dikt i *Janglestrå* fordeler seg slik:⁶

⁴. 1993-utgaven er den siste med denne undertittelen, til tross for at det kommer tillegg i senere utgaver av *Dikt i samling*.

⁵. Dette er ifølge opplysninger fra Bodil Capplen i e-post til meg 22.02.2010. Hun skriver i samme e-post også ”[...] at Janglestrå ikkje er siste boka hans lenger! Diktsamlinga ABC (1986) er siste!”

⁶. *Dikt i utval* (1964), redigert av Ragnvald Skrede, *Dikt i samling* (1972) og *Syn oss åkeren din* (1975), redigert av Jan Erik Vold, er ikke med i denne oversikten fordi *Janglestrå* først kommer med i utgaven fra 1980.

1980:29⁷

1981:29

1985:38

1993:38

1994:39

2000:40

2008:40

Men hva betyr ”janglestrå”, og hvordan skal vi forstå tittelen? Kanskje kan også tittelen gi noen hint om hvordan vi skal forstå diktene. ”*Janglestrå* er [...] tittelen på Hauges siste samling og kan leses som en diktmetafor: hvert dikt i samlingen er et janglestrå.” (Karlsen 2000:66) Leser vi i Andreas Bjørkum:⁸ *Målmeistaren frå Ulvik* (1998), finner vi denne definisjonen av tittelen:

janglestrå, n. (*Eitt og anna janglestrået / freistar liv i gruset*, «Glør -> s. 40; òg nytta som namn på ei samling med tillegg av dikt til «Dikt i saml.» 1980, men det er *ikkje* eigi bok, slik seinare samlingar kan gjeva inntrykk av, t.d. «Dikt i saml.» 1993, utan sidetal, men sida svarar til 281; tydingi er einsleg strå som sleng med vinden fram og attende, strå som svagar hit og dit; ofte i flt. grisne, lange grasstrå, skriv Hauge i brev 29. jan. 1994; jamfør Ross 1895 *jangla*, v. tyding 1 gå usikkert fram og attende, gå tumlande; gå og slenga, frå Hallingdal; ordet er velkjent hjå alle vaksne folk i Ulvik etter mi utspørjing hausten 1995, t.d. om strå som står att etter ein dårleg slåttekar, og Nils O. Børsheim gjev gode døme i brev til Hauge 30. mars 1966: *da sto'kje atte manje*

⁷. Diktet *Bladi losnar*, som avslutter *Janglestrå* i alle utgavene, mangler her i innholdsfortegnelsen, men det er med i boka.

⁸. Haugeordboka finnes, praktisk nok, også på Internett (<http://www.ht08.no/Default.aspx%3Fpageid=778.html>).

janglestraoæ i teien hans, bundi form flt.; nokre janglestrao).
(Bjørkum 1998:245)

Olav H. Hauge skriver i dagboken sin 10. november 1980, at "[...] eg syntes det var eit høveleg namn på den vesle bundelen med nye dikt." (Hauge IV 2000:605) Dette kan kanskje tyde på at Hauge selv så på det som en samling, "bundelen", at *Janglestrå* er ment som et tillegg og ikke som egen og selvstendig "diktbok". Noe jeg mener styrkes av at den aldri har vært publisert utenfor *Dikt i samling*.

2. Hauge-resepsjonen

Før vi kan nå *Janglestrå* nærmere inn på klingen, vil mottakelsen av Hauges diktning, og synet på den, danne et nyttig bakteppe. I framstillinger av Hauges diktning har det vært, og er det vel ennå, svært vanlig å dele forfatterskapet i to. Den første delen regnes som romantisk og tradisjonell, mens den siste delen regnes som modernistisk. Like vanlig som denne todelingen, er også synet på at forfatterskapet utviklet seg til det bedre. Særlig kommer dette til uttrykk i Jan Erik Volds sentrale essay fra 1967, trykket opp igjen gjentatte ganger, *Det går an å leve i hverdagen* òg (se Vold 1996:13ff).

Denne todelingen med påfølgende vurdering, har blitt beskrevet, kommentert - og imøtegått - mange ganger. Vi behøver derfor ikke bruke mye tid på det her, men kan bare vise til, blant mange andre, Ole Karlsens kapittel om dette i *Fansmakt og bergsval dom* (2000), innledningen til Hadle Oftedal Andersens *Poetens andlet* (2002) og Jørgen Magnus Sejersteds artikkel *Litteraturkritikk som hyrdediktning. Resepsjonen av Olav H. Hauge* i Haugennummeret til Syn og Segn, nr. 4, 2000.

2.1 Biografisk tilnærming

Det har i litteraturen rundt Olav H. Hauge vært en usedvanlig høy grad av personfokus. I svært mye av resepsjonen har Hauge som person framstått som sentral, noe som er litt uvanlig i nyere litteraturforskning. Nå som en ny generasjon, som aldri har møtt Hauge, har begynt å lese og skrive om diktene, skulle man kanskje tro at personfokuset stilnet litt.

Men i 2000 skjedde det en litterær hendelse av betydning for Hauge-forskningen og også for forståelsen av forfatterskapet. Olav H. Hagues *Dagbøker* kom ut i fem tykke bind, og ga både nye og gamle lesere en ny og direkte tilgang til personen Hauge. Dessuten kommenterer, justerer og korrigerer Hauge i dagbøkene sine noe av synet samtiden hadde på hans diktning.

Nå skal man ikke helt uten videre gi forfatteren siste ordet om egen diktning. Det kan være mange grunner til at han maskerer seg eller ønsker å villedde leserene. Men selv om diktene er viktigst, kaster dagbøkene lys over mangt og meget. Sammen med den øvrige sekundærlitteraturen, gjør dagbøkene det vrient å skrive seg ut av en biografisk tilnærming, som har vært så vanlig når det kommer til Hauge. Tidligere baserte mye seg på møter og intervjuer med Olav H. Hauge, nå trekker de fleste inn dagbøkene – gjerne som et tillegg eller for å kunne kommentere den tidligere resepsjonen. Tilsammen gjør dette at det kanskje ikke engang er ønskelig å gå rundt ”personen Hauge”, når man skal skrive om diktene og forfatterskapet.⁹

⁹. ”Men det gjelder her som i øvrigt, at der må være en affinitet mellom digterverk og metode. Verket skal så at sige kalde på eller passe til metoden; ellers kan det resultere i hurtige slutninger uten dækning i teskten og en reduktion av tekstens betydningspotensiale. Hvis man endelig indvender mod den biografiske læsning, at den konstruerer sammenhænge, som er resultat af eftertidens bedreviden, så siger man noget, som gælder enhver historisk bevidst læsning – ja, til dels enhver læsning af ældre tekster.” (Fibiger 2008:75)

3. Spredte bær trædd på spredte strå?

I dagboken sin skriver Olav H. Hauge i mars 1986 følgende interessante bemerkning om utviklingen av eget forfatterskap:

Ein engelsk kritikar segjer at dei seinare dikti mine ikkje er so gode som dei fyrste. Og det er eg samd i. Eg veit det sjølv at etter kvar[t] har det gjenge nedover, slikt er noko du kjenner.

Det er lenge sidan no. Men eg hugsar Dybvad sa til meg då *Spør vinden* kom, at samlingi var ikkje so god som dei fyrre, - han hadde det venteleg frå Skrede eller Dale. Og eg visste han hadde rett. (Hauge V 2000:270)

Det som er det mest interessante her, er at Hauge gir tilkjenne en omvendt vurdering av forfatterskapet enn den gjengse. Dessverre skriver han ikke noe mer om det her, så akkurat hva han legger i det får vi ikke vite i denne omgang.

3.1 Ein bundel dikt

Eirik Vassenden har i det tidligere nevnte Haugennummeret til Syn og Segn en betraktning rundt "vår" diktbolck:

